

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland.

Tillegsspørsmålnr. 7.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Skav.

Bygdelag: Solvang.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell

Gard: Røgelstad

(adresse): Hjelmeland

G.nr. 61 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jakob Gunnufsen, f. 3/8 1871. Tømmermann.

SVAR

Før i tida var det meir vanleg å föra også om vinteren.

Dei avla ikkje så mykje då som nå, når me har kunstgjød-

ning attåt. Meir folkehjelp var det og på gardane før.

Skav var ~~dærfæx~~eit godt attåtfor, Dei treslaga som

høvdetil "mork" vart derfor verna om til dette brøk.

Og å få heim slikt vyrke kalla dei å morka, gå på

morkaskog. Beit (ris av bjørk og anna mjukt treslag) vart

også brukt som för, likeins lyng. Dei beste treslaga til

skav var: eik, ask, raun, selja og hegg.

Skav bøyest slik her: skava, skjev, skov, skove. I denne bygda

har skav vore mykje brukt før, nå lite, det var vanlegt

för etter jul iallfall. Var det uår måtte mann åv huse

for å få heim mork. Ja, ofte skov dei ute i skogen der

dei fann morka, fraus og leid vondt. Eit rim om skav ly-

der slik: Ask gjer kua rask, eik gjer kua veik, raun gjev

melk til graut. Melka vart feitare av skav, og smøret vart

gulare, men sume skavslag vart melka beisk av. alle dyr

ner som hest fekk skav som attåtfor. Det leid helst over

jul før dei byrja gå på morkaskog. (gjeld berre skavskog)

Noko sers tungarbeid var ikkje dæydette, så ungar kun-

ne og vera med. Dei skov stundom inne og stundom ute, ja

like oppe i heia, dei sparte arbeid med det, for då var

det berre skavet å få heim. Om kveldane sat dei inne med

dette arbeidet. Sengestolpen var ~~xxx~~ sett ei fjøl på og
brukt til annlegg, eller ein stolpe frå golv til tak ~~sxxx~~ ^{xxx}
Skavljåen var ein vanleg brukt ljå med ei filla rundt i
tjukkenden til å halda i. Krakk vart og brukt, i den var då
sett ein pinne loddret som annlegg for skavjernet.
Mannen sat under arbeidet, heldt ljåen med høgre handa,
med venstre drog han skavkjeppen mot ljåen under han.
Dei skov frå ganske tynne til så tjukke skavkjeppar dei
kunne halda. Lengda på skavveden var 60-70 sm. Når dei
var skovne vart dei kalla skjevlar(ein). Det skulle eit
visst skyn og handelag til dette arbeidet, sume var rei-
meistrar. Det var om å gjera å få minst mogeleg tre med.
Som sagt før, det er helst slutt med skaving nå, lite
tid og betre råd gjer at folk heller kjøper kraftfor, høy
og halm.

Tillegsspørsmål nr. 7.

Det er ikkje kjent her at kyr som hadde fått skav om
vinteren var meir verde for sal. Heller ikkje at det vart
svart kjøt av skav. Men det er røynt at lamb daua av
Melk etter skavetande ku.

Det var ikkje uvanleg her at den som hadde før til 4
kyr skov så mykje at han fødde 5, ja, kanskje meir og.